# Frå senga til skulebenken.

Eg vaknar brått av at einkvan tek i døra, det er mor som kjem inn med ein rykande varm kaffikopp til meg. „God morgon, du sjusovar, veit du ikkje at klokka er halv ni?" helsar ho blidt. Eg set meg opp i senga, gnir meg i augo og ser vantru opp på mor. Kan ho verkeleg vera så mykje, eg tykte da det var ikkje lenge eg hadde legi. Uff, den fillekloka, alltid skal ho gå så fort om natta, når ein ligg og får sova så godt. Kunde ho berre einja ~~godt~~ gått så fort i skuletimane òg, men nei, da kryp langvisaren seg fram som „lus i ei tjæretønne." Eg tek imot kaffien.

stüngar han fort i meg, og eg blir kvikkare med det same. „Å; du velsigna kaffien, det er den mest oppkvikkande drikken på jorda, synd at eg ikkje kan få drikke det eg vil av han", mumlar eg for meg sjølv. Så hoppar eg opp utor senga, får på meg kleda som heng pent over stolbrügda, og senga blir oppgreidd i ein fart. Så må eg vaska den meste svevnen utor augo, men det blir no berre kattevask, for korkje øyro eller halsen får så mykje som ein vass-drope på seg. Kammen går som eit lyn gjennom håret, så det legg seg som det skal. Eg tek püddervasten og püddrar lite gran den blanke og breide

nasen, som eg har ergra meg over så mang ein gong. Eg går inn på kjøkenet. Der maten står på bordet og ventar. Så set eg meg innåt og byrjar å eta. Men eg har liksom ikkje ro på meg, stadig må eg sjå opp på klokka, som stendt nærmar seg nitalet. Ved veaka mi borte på stolen ligg ei diger matpakke, som mor har laga, det er skulematen min. Kåpa mi har ho teki inn frå gangen og hengt borte ved omnen, så ho skal bli varm. Mor syrgjer no for at alt blir gjordt ho, medan eg, sjølve „nåsa", ikkje tenkjer på noko. Eg slengjer på meg kåpa, no er det sanneleg ikkje fortidleg heller, klokka er

inn over ni, og eg har berre ti minutter å gjera på. Skjerfet blir knytt i ein fart i halsen, men då eg skal ta vottane, er dei borte. Mor kjem til, liter i skuffer og på hyller, men til fånyttes. Då vil eg til å gå likevel, for no kan eg ikkje dryga lenger, dersom eg ikkje skal koma forseint. Så tek eg veska i handa og skal til å gå, då eg blir var vottane nede i kåpelomma. Då må eg le, men eg seier ikkje noko til mor om at dei var der, for då vil ho berre skjemma på meg. Men no er det heller ikkje tid å spilla lenger. Eg spring ned trappa, brin syklaken, kastar veska mi på bagasjeberaren og

slengjer
r

meg oppå. Og med bøgna flaggrande ved sidene mine, og i den sterke vinden som piskar meg i andletet, ligg eg flat på sykkelen og trør som om det galdt livet. Eg møter nokre menner som i vegen, dei ropar og bed meg stane, men eg let som ingen ting og for framom. Eg høyrer dei seier noko slik som at det er svært så viktig eg har vorti, men det bryr eg meg ikkje om. Eg nesten jublar da eg ser at skulungane driv ute på skuleplassen og leikar, så er eg da likevel ikkje forseint. Men eg hadde ikkje før sett på meg sykkelen, før det ringer.

Og saman med alle dei andre skuleungane, stormar eg inn i gangen, der vi får av oss kleda, og det ber inn i klasse-romet med oss. Her er det eit ståk og eit bråk utan like, før lærarane kjem inn. Tavla blir full av alle slags rare strekar og teikningar. Vi gjerater i munnen på kvarandre, syngar og kvikkar små strofer, og vi har det så moro. Men brått kjem læraren inn. Vi stormar saman for å finna pultane våre, og snart er vi alle sessa på skulebenkane. Og så byrjar dei ~~same~~ vanlege spørsmåla frå læraren å hagla nedover klasserommet.

MW